

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato 15.08.2022
Vår referanse 2022/18205-4
Dykkar referanse 202203607-17
Sakshandsamar Audun Erik Gisle Sunde
E-post
Telefon

Att.Anette Ødegård

Innspill til identifisering av nye områder for fornybar energiproduksjon til havs

Innspelet er konsentrert om havvind. Vestland fylkeskommune ber om at området utanfor kysten av Vestland vert tatt inn som nytt område aktuelt for havvindproduksjon. Vi meiner dette vil vere ei god lokalisering. Dette ut frå vindressurs, avgrensa/handterbart konfliktpotensial, og ikkje minst positiv innverknad på kraftbalansen i området.

Innspelet er forankra i politiske vedtak i tilgrensande saker.

I sak PS 94/2022: Fråsegn til høyring av utlysing av område for fornybar energiproduksjon til havs - Utsira Nord og Sørleg Nordsjø II, vedtok fylkesutvalet 3. mai 2022 nokre poeng med særleg relevans for denne saka:

- Det må leggest stor vekt på dialog og samhandling med/innspel frå havbruks- og fiskeriinteresser, slik at eventuelt konfliktpotensial blir minimert.
- Tilgang på areal som eignar seg best for flytande installasjonar, er viktig for å halde på og å vidareutvikle norsk posisjon innan flytande havvind.
- Områdeavklaringar og utlysingar må byggje på oppdatert kunnskapsgrunnlag, med strenge krav til miljøforvaltning og naturmangfald, for å sikre best mogleg handtering av natur- og miljøomsyn. Dette omfattar mellom anna kunnskap om trekkande fugl.
- I forhold til eventuelle «nye område som eignar seg for opning i lys av oppdatert kunnskapsnivå og teknologi- og marknadsutviklinga som har skjedd sidan førre konsekvensutgreiing», vil Vestland fylkeskommune peike på potensialet som ligg i snarleg del- (eventuelt heil-)elektrifisering av olje- og gassplattformer (jf. t.d. Hywind Tampen og Brage).

Vi viser vidare til felles innspel frå Bergen Næringsråd, GCE Ocean Technology og Energiomstilling Vest. Innspelet gjev viktig informasjon og oppdatering. Vi vil særleg trekkje fram følgjande poeng:

- Vindressursane sør for Stad er gjennomgåande gode, der ein kan vente høg kapasitetsfaktor og årsproduksjon.
- Området utanfor Vestland har lågt til moderat konfliktnivå med andre interessentar og kort avstand til stadar med høgt kraftbehov. Området utanfor Bergen vil vere spesielt godt eigna.
- Teknologeutviklinga har gjort flytande havvind til eit reelt alternativ. Grensa for aktuelle djupner på område som er eigna for flytande havvind har auka. Ved førre kartlegging vart 400 meter brukt, mens ein i dag gjerne nyttar 1 000 meter. Det er færre gyteområde på djupt vatn.
- Norsk leverandørindustri har ein leiande posisjon innan flytande havvind, noko som mellom anna er prova gjennom utbygging av Hywind Tampen.

I sak PS 68/2022 - Innspel til energikommisjonen frå Vestland fylkeskommune, vedtok fylkestinget 22. juni i år følgjande fråsegn i høve havvind i punkt 5.

«Vestland fylkeskommune vil peika på potensialet for energiproduksjon og industriutvikling med utgangspunkt i det store potensialet som ligg i havvind. Vestland fylkeskommune ber om at regjeringa satsar på havvind utom kysten til Vestland. Skal Noreg nå måla om tildeling av område for 30 GW havvind innan 2040 må dei fyrste prosjekta ta form snarast.

Utvikling av havvind bør skje i område der havbruks- og fiskeriinteresser veg mindre og at omsyn til biologisk mangfald i havet vert vektlagt.

Havvind gjev størst verdiskaping for Noreg om den etablerast utom kysten av Vestland. Det er førespegla stor forbruksauke i ytre deler av Vestland. Ilandføring av kraft her utløyser eit stort verdiskapingspotensial i regionen og landet. I tillegg ligg det store areal som nyttast til utvinning av petroleum utom kysten av Vestland. Store deler av denne næringa treng elektrisk kraft for å ta bort utleppspunkta på sokkelen. Dette i tråd med Hurdalsplattforma som seier at sokkelen i størst mogleg grad skal elektrifiserast med havvind. Regjeringa må ha mål om installert kraftproduksjon frå havvind i 2030 og 2035 slik at vi tek satsinga på alvor allereie no og vi viser til pågåande prosjekt der ein flytande havvindpark i Vestland planleggjast.»

Ut frå dette meiner Vestland fylkeskommune at området utanfor kysten av Vestland vil vere ei god lokalisering for havvind. Dette området bør difor takast inn som nytt område for fornybar energiproduksjon til havs.

Med helsing

Jon Askeland
Fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift